



# Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Setesdal Ryfylke villreinlag v/ Svein Olav Stegarud

Dykkar ref.

Vår ref.  
21/494-7 21/7026  
Jarle Lunde

Arkivkode:

Dato:  
27.04.2021

## VEDTAK AV FELLINGSKVOTE 2021, SETESDAL RYFYLKE VILLREINOMRÅDE

Villreinnemnda gjorde følgjande vedtak i møte 23.april 2021:

*I tråd med hjorteviltforskrifta §28 fastset villreinnemnda eit minsteareal på 2000 dekar i nordområdet og 3500 dekar i sør. Dette gir ei samla kvote på 2170 kort for sesongen 2021 i Setesdal Ryfylke villreinområde. Fordeling av kort er som følgje:*

	<i>Frie dyr</i>	<i>Simle/ungdyr</i>	<i>Simle</i>	<i>Kalv</i>
<i>Nord</i>	40 %	0 %	20 %	40 %
<i>Sør</i>	30 %	0 %	25 %	45 %

*Kvota er i samsvar med Setesdal Ryfylke villreinlag sin avskytingsplan for 2021.*

Saksframlegg med vedtak er vedlagt.

Vedtaket kan påklagast etter §36 i forskrift for forvaltning av hjortevilt. Klagen sendes til Villreinnemnda for Setesdalsområdet innan 3 veker frå det tidspunkt parten tok imot vedtaket.

Vennleg helsing

Jarle Lunde  
sekretær

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.  
Tlf: 52 79 24 35 (404 18 967)  
E-post: [jarle.lunde@suldal.kommune.no](mailto:jarle.lunde@suldal.kommune.no).  
Nettside: <http://villrein.no/setesdal-nemnd/>





Sak 06/21

## Godkjenning av avskytingsplan 2021 for Setesdal Ryfylke villreinområde

	Møtedato	Sakshandsamar:
Villreinnemnda for Setesdalsområdet	23.04.21	Jarle Lunde

### Vedlegg til saksframlegg (i innkalling)

Avskytingsplan for Setesdal-Ryfylke 2021

Avskytingsplan Setesdal-Ryfylke 2021 – Figur- og tallgrunnlag

### Bakgrunnsdokument

- [Bestandsplan 2019-2023](#)
- [Forskrift om forvaltning av hjortevilt – med kommentarer](#)

### Saka

Jamfør § 28 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt er det villreinnemnda som vedtek årleg fellingskvote for kvart villreinområde innan 1. mai. Gjeldande bestandsplan, samt oppdatert kunnskap om villreinen i området, skal leggest til grunn.

Med funnet av skrantesjuka (CWD) på Hardangervidda og i Nordfjella villreinområde er villreinforvaltninga i ein unormal situasjon. Kvotar må sjåast på i lys av dette.

Styret i Setesdal Ryfylke villreinlag har lagt fram ei tilråding til kvote gjennom ein avskytingsplan. Når dette skrivast er planen framleis ikkje behandla av årsmøte i villreinlaget. Dette skjer nokre dagar før villreinnemnda skal gjere sitt vedtak. Korleis behandlinga blei i årsmøte vil bli lagt fram munnleg for villreinnemnda.

#### Mål i bestandsplanen

I planperioden (2019-23) er det satt følgande hovud- og delmål:

«Hovedmål:

*Bestandsforvaltningen av villreinen i Setesdal Ryfylke skal i planperioden bidra til at dyrene skal bruke en større del av villreinområdet*

*- En forventet bestandsøkning må møtes med tiltak som sikrer og forbedrer beitetilgang og trekkmuligheter. Det er et felles ansvar for alle aktører innen villreinforvaltningen å bidra til slike tiltak*



### *Delmål:*

*Bestandsstørrelse: Antallet villrein i nordområdet stabiliseres på ca. 2000 dyr. Antall villrein i sørområdet skal gradvis økes fra antatt 1300 dyr vinteren 2018-2019 til ca 2000 dyr. Samlet for Setesdal Ryfylke skal ikke bestanden overstige 4000 dyr.*

*Delmål kondisjon: Kondisjon og kalvetilvekst skal opprettholdes innenfor et akseptabelt nivå. Bestandsstruktur: Storbukkkandelen (minst 3,5 år) økes opp mot 25% i løpet av planperioden.»*

### Anbefaling fra Miljødirektoratet/Mattilsynet

Hausten 2020 blei det gjort funn av skrantesjuka på Hardangervidda. I januar 2021 kom Vitenskapskomiteen for mat og miljø (VKM) med oppdatert kunnskap om sjukdomen og spreingsrisiko. Hovudbodskapen var: «*Det vil bli svært krevende å stanse spredning av skrantesyke i Norge.*»

I etterkant av dette har det blant anna vore møte mellom Miljødirektoratet, Mattilsynet, Villreinnemnda, Setesdal Austhei villreinlag og Setesdal Ryfylke villreinlag om saka. Miljødirektoratet og Mattilsynet var tydelege i å anbefale at lokal villreinforvaltning bør legge til rette for eit høgt uttak av vaksen bukk, men også vurdere ein bestandsreduksjon. Dette er tiltak som kan senke moglegheita for utveksling til Hardangervidda. Tiltaka blir sett på som viktigare jo nærmare Hardangervidda delbestanden er. Det er og sannsynleg at eldre bukkar har større moglegheit for å vere smitta med skrantesjuka enn kalv, simler og ungdyr. Prøvar frå vaksen bukk gir derfor ekstra verdifull informasjon om smitta i eit villreinområde, og kan bidra til å halde ein eventuell førekomst av smitte lav.

Anbefalingane blir og sendt skriftleg frå Miljødirektoratet til nemnd og villreinlag m.fl. (vedlegg til sak 05-21). Her blir ein og minna om at nemnda kan «utvide jakttiden i 14 dagar i løpet av oktober når særlege bestandsmessige behov foreligger». Situasjonen med skrantesjuka kan seiast å vere ein særleg situasjon.

### Tilråding frå villreinlaget: Avskytingsplan 2021

Avskytingsplanen inneheld ein del fakta og føresetnadar som er lagt til grunn for fastsetting av kvota for 2021. I tillegg til at det oppdaga skrantesjuka på Hardangervidda ligg følgjande hovudpunkt til grunn:

- *Denne vinteren har vi ca 3200 dyr.*
- *Det ble dokumentert 324 kalver ved kalvetellingen i 2020 (326 i 2019), mens den antatte produksjonen var ca 725 kalver. Avskytingen var 305 dyr.*
- *Det er lagt til grunn at det har vært en tilnærmet stabil bestand det siste året.*
- *Vi kan forvente en produksjon på ca 900 kalver i 2021.*
- *Det er et mål å øke bestanden opp mot 2000 i sør og samtidig stabilisere den på 2000 dyr i nord. Derfor må minstearealet også i år være forskjellig i sør og nord.*
- *I tråd med dette settes fellingsmålet til 450 dyr, 350 i nord og 100 i sør. Dette er uendret fra i fjor.*
- *Kortfordelingen settes som følger:*

	<i>Frie dyr</i>	<i>Simle/ungdyr</i>	<i>Simle</i>	<i>Kalv</i>
<i>Nord</i>	40 %	0 %	20 %	40 %
<i>Sør</i>	30 %	0 %	25 %	45 %

Nordområdet grensar til Hardangervidda og det er årleg ein viss utveksling med dyr, først og fremst bukk. Det er knyt usikkerheit til kor mange dyr det er i denne delen av villreinområdet, men villreinlaget har lagt til grunn at det er ein vinterbestand på 1700 dyr.

Den samla kvota som blir foreslått er den same som dei føregåande åra. Kortfordelinga er likevel endra frå simle og kalv til frie dyr. Målet er at bukkesegmentet skal ned mot 10 % neste vinter i nord. For å oppnå dette må det fellast om lag 150 storbuukk og delen med fridyrkort er derfor foreslått auka frå 14 % i 2020 til 40 %.

Situasjonen med CWD gjer at ein og velje å auke delen med fridyrkort også i sørområdet, her til 30 %.

## Vurdering

### Vurdering etter naturmangfaldlova

Ut i frå naturmangfaldlova sine føresegner er det vurdert at grunnlaget for eit jaktuttak er til stades (§ 16). Villreinen produserer eit haustingsverdig overskott.

Naturmangfaldlova § 7 seier at §§ 8-12 skal leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynd.

Framlegg til vedtak baserer seg på data frå teljingar, observasjonar og erfaringar med villrein og villreinjakt i området over fleire år. Sekretariatet vurderer at kunnskapen er tilstrekkeleg god til å kunne vedta kvoter (§ 8). Med bakgrunn i dette blir det lagt mindre vekt på føre var-prinsippet (§ 9).

Samstundes må det understrekast at kvaliteten på datamaterialet ein har over bestandsstorleik og struktur kan variera. Teljingar gir ein god ledetråd, men er normalt ikkje ein fasit. Tilfeldig innvandring/utvandring og hendingar vil også bidra til dette. Det same gjer ulike fellingsuksess frå år til år. Berekning av fellingskvotar er med andre ord ingen eksakt vitenskap.

I forhold til samla belastning (§ 10) blir kvota vurdert i forhold til ein langsiktig forvaltningspraksis vedtatt i gjeldande bestandsplan. Som det går fram av omtalen ovanfor er ikkje tildeling av kvoter noko millimeter kunnskap. Det er derfor viktig å sjå på utviklinga over fleire år.

Bortsett frå villreinen vil naturmangfaldet i liten grad bli påverka.

§ 11-12 i naturmangfaldlova er vurdert som mindre relevante i saka.

### Vurdering av foreslått kvote



Med funnet av skrantesjuka (CWD) på Hardangervidda og i Nordfjella villreinområde er villreinforvaltninga i ein unormal situasjon. Kvotar må sjåast på i lys av dette. Bestandsplanen må delvis settast til sides. Dette betyr blant anna at me plutsleg går frå eit ønske om meir bukk i randområda til å måtte redusere dei kraftig.

Dyr frå Setesdal Ryfylke har historisk kunne vandre til Hardangervidda. I dag er utveksling vanskeleggjort på grunn av vandringsbarrierar, men enno er det noko utveksling. Dette gjeld særleg bukk, men gps-data har og vist at simler har vore på nordsida av E134.

Som ein del av strategien i forhold til skrantesjuka er lokal villreinforvaltning oppmoda om eit høgt uttak av vaksen bukk, men også vurdere ein bestandsreduksjon. Tiltaka er viktigare jo nærare Hardangervidda ein er. Sekretær meiner forslaget til kvote svarar på dette. Dei siste åra har delen med fridyrkort vore mellom 6 og 14 %. No er forslaget å auke desse til 40 % i nord og 30 % i sør. Dette gir rom for å redusere bukkeandelen betydeleg.

Mykje tyder på at det er færre dyr i nordområdet enn ein tidlegare har lagt til grunn. Sett i lys av cwd-situasjonen er dette no ein fordel. Det er ikkje tida for å auka bestanden her no.

Fellingsmålet er satt til 21 % av tildelt kvote. Med tilsvarande kvote har fellingsprosenten vore 17 og 14 % dei to siste åra. Her er det derfor ein jobb å gjere. Fram mot jakta må ein derfor ha fokus på korleis fellingsmålet skal nås. Slik sekretæren ser det er det no viktig at korta blir teke i bruk (ikkje la dei ligge freda i ei skuff), ein må vere open for samjaktavtalar, og ein må og vurdere å søke om utvida jakttid. I tillegg må ein arbeida for at det blir teke CWD-prøve av alle felte vakne dyr.

## Framlegg til vedtak

I tråd med hjorteviltforskrifta §28 fastset villreinnemnda eit minsteareal på 2000 dekar i nordområdet og 3500 dekar i sør. Dette gir ei samla kvote på 2170 kort for sesongen 2021 i Setesdal Ryfylke villreinområde. Fordeling av kort er som følgje:

	<i>Frie dyr</i>	<i>Simle/ungdyr</i>	<i>Simle</i>	<i>Kalv</i>
<i>Nord</i>	40 %	0 %	20 %	40 %
<i>Sør</i>	30 %	0 %	25 %	45 %

Kvota er i samsvar med Setesdal Ryfylke villreinlag sin avskytingsplan for 2021.

## Behandling i nemnda

Ingen merknad

### Røysting

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

